



## SIVLEBIBLIOTEKET - eit levande nynorsk litteratursenter

Biblioteket ligg i den eldste delen av Fretheim Hotel, det var her engelskvillaen blei oppført i 1870 årene. Atmosfæra og interiøret i biblioteket gjenspeglar på mange måtar den tida då Per Sivle levde og hotellet vart bygd.

Den samfunnsengasjerte forfattere og dikteren Per Sivle er heidra med namnet på biblioteket. Han blei fødd i Flåm 6. april 1857. Han skreiv vakkert og melankolsk, og hans samlingar spreier framleis glede. "Berre ein hund", "Vossastubbar" og "Den fyrste song" er noko av det han har skreve.

Sivlebiblioteket er eit opplevingsbasert bibliotek sentrert rundt den nynorske kulturarva. Biblioteket inneheld fleire tusen bøker med eit mangfald av ulike litterære sjangrar, med det felles at dei alle er gitt ut eller er oversette til nynorsk.

Det sjelfulle biblioteket er ein perfekt arena for forfattartreff, lesesirklar og boklanseringar. Det inneheld mellom anna eit stemningsfullt møterom og fleire fantastiske opphaldsrom. I ein anna del av biblioteket kan ein finne informasjon og lenker i samband med slektsforskning, for dei som ynskjer å finna ut meir om sine røter.

Sivlebiblioteket er staden for dei som ynskjer å få eit pusterom og påfyll av inspirasjon anten det er i kvardagen eller i samband med opphald av fagleg karakter. Biblioteket kan brukas som pauseareal, der ein kan få ein Sivlepause med til dømes smakebitar av lokal mat, underhaldning, apretife med meir.

Sesong: Året rundt  
Moglegheit for servering.

